

1   **Ålesund Venstre sitt valprogram 2019-2023 (Vel «linjenummer under oppsett i menyen)**

2   **Nye moglegheiter**

3   Vi har tru på kvart einskild menneske. Vi vil at alle skal ha høve til bruke sine evner til det beste for  
4   seg sjølv, sine medmenneske og livsgrunnlaget til våre etterkomrarar. Venstre ønskjer eit samfunn  
5   med mangfald, der tilhøvet mellom menneske bygg på toleranse og respekt for kvarandre, for  
6   miljøet og naturen sine grenser.

7   Venstre ynskjer eit attraktivt Ålesund i utvikling . Når den nye kommunen vert etablert får vi høve til  
8   heilskapleg planlegging og å finne nye løysingar på oppgåver i heile kommunen. Ei heilskapleg  
9   planlegging i den store kommunen vår, men og på tvers av kommunegrenser, som ser større  
10   område i samanheng, er viktig for å få til ei meir samordna og heilskapleg areal- og  
11   transportplanlegging i samsvar med nasjonale behov og statlege planretningsliner. I tillegg må vi og  
12   halde fram samarbeid på ulike område med dei andre kommunane i regionen. I dette arbeidet er  
13   Venstre sitt mål å forvalte ressursane og godene effektivt.

14   Venstre ønskjer at den nye kommunen skal legge FN sine berekraftmål til grunn i all si planlegging og  
15   sitt arbeid. Og vi vil la berekraftmål 17 : Samarbeid for å nå måla, vere biletet på korleis vi vil  
16   arbeide. For å lukkast med berekraftmåla treng vi nye og sterke partnerskap. Myndigheter,  
17   næringsliv og sivilsamfunnet må samarbeide for å oppnå berekraftig utvikling.

18   Kommunereforma har gitt politikarane eit godt høve til å skape ein ny versjon av kommune-Norge.  
19   Fem kommuner skal bli til ei stor og framtidsretta kommune – det innber at vi skal bygge ei ny  
20   kommune. Samanslåingsprosessen vil halde fram etter 2020. Rettesnora er lagt gjennom  
21   intensjonsavtalen. Bygging av ein ny og framtidsretta kommune skal vere prega av likeverd,  
22   rausheit og forståing for kvarandre sin ståstad.

23   Kommunen skal ha nynorsk som målform i tråd med reglar for målbruk.

24   Venstre vil ha eit levande folkestyre med openheit og innsyn i avgjerdene som vert tatt og med fleire  
25   oppgåver og meir avgjerdsmynde til kommunane.

26   Ved sidan av fridom er rettferd vår styrestjerne. I Ålesund går Venstre til val på eit framtidsretta  
27   program som handlar om både fornying og bevaring. Vi skal ta vare på og forvalte dei naturgitte  
28   gåvene, men og det som er skapt av menneske før oss, med tru på framtida. Å vise respekt for denne  
29   arven gjer vi best ved å ta i bruk dei mogleheitene som opnar seg i åra framover. Dette kallar vi å ta  
30   vare på framtida.

31   Venstre vil mykje, men det viktigaste er: At dei grunnleggjande tenestene fungerer; at skulen er god  
32   og eldreomsorga verdig, at vanskelegstilte og andre som treng det får hjelp, at teknisk sektor leverer  
33   som den skal og at kommunen skal vere ein god arbeidsgjevar. At vi utviklar Ålesund til ein attraktiv  
34   og samfunnsøkonomisk kommune, gjennom å ha politisk mot til å tenke langsiktig når vi vel  
35   løysingar. Samfunnsplanlegginga skal ta utfordringane vi har innan miljø og klima på største alvor.  
36   Med dette til grunn vil Ålesund Venstre arbeide for at utviklinga skal innehalde eit større  
37   tidsperspektiv enn ei 4 års valperiode. Slik må større utviklingsarbeid innan utbygging og samferdsel,  
38   legge til grunn nasjonale og internasjonale forpliktingar- frasa om å tenke globalt men handle lokalt  
39   har aldri vore så gjeldande som i dag. Paris-avtalen forpliktar alle forvaltningsnivå i Noreg til å handle  
40   mot å bli eit lavutsleppsamfunn innan 2050-Vi i Ålesund Venstre meinat dette er eit mål som bør  
41   vere førande for alt arbeid i den nye kommunen.

42 Vi som eit lokalt samfunn i utvikling, må ta vårt ansvar for å etablere ei grøn og moderne kommune  
43 gjennom nye løysningar og nye idear.

44  
45 Ålesund Venstre vil derfor arbeide for styrke den overordna samfunnsplanlegginga-der Ålesund skal  
46 utvikle framtidsretta løysningar som er heilskaplege og heng saman i det store bildet men også i det  
47 små. Slik vil vi utnytte moglegheiter innan renovasjon, smart samferdselplanlegging, utvikling av  
48 grendesamfunn og bykjerne- til å etablere ein moderne kommune med løysningar for framtida.

49

50 **1.1 Ta vare på naturen og berekraftig utnytting av ressursane**

51  
52 Venstre vil legge omsynet til miljø og klima til grunn i landbrukspolitikken. Ålesund  
53 kommune er ein av dei største landbrukskommunane på Nord-Vestlandet. Venstre ønskjer å  
54 bruke meir av det eksisterande og framtidige urbane arealet til matproduksjon. Nærproduksjon  
55 av mat er med på å gjøre det fysiske og sosiale bymiljøet betre. Parsellhagar, plenar,  
56 rivningstomter og tak er eksempel på område som kan brukast til små lokale dyrkingsareal  
57 i kortare eller lengre periodar, og grå og grøne byrom får nytt liv med matvekstar.  
58 Klimaendringar og andre faktorar kan gi dramatiske endringar i føresetnadane for jordbruk.  
59 Venstre meiner difor det er eit sjølvstendig poeng å sikre vern av god matjord, sjølv om den  
60 ikkje er i bruk.

61  
62 Kartlegging av artsmangfaldet er viktig for å forstå kva utfordringar vi står over for. Frivillige lag og  
63 organisasjonar gjer viktig arbeid for å identifisere og spreie kunnskap om sårbare artar, og Venstre  
64 ønskjer å legge til rette for meir av dette, til dømes gjennom av kommunalt viltfond og støtte til  
65 kartleggingsaksjonar.

66  
67 Å opprette ein arealregnskap vil bidra til å synliggjøre utviklinga for ulike naturtypar og landskap i  
68 kommunen, og korleis utvikling av kommunen innverkar på desse. Å utarbeide ein  
69 arealrekneskap er og eit reiskap i planleggingsarbeidet.

70

71 Kulturlandskap og matjord er viktige verdiar som Venstre ønskjer å bevare, av omsyn til  
72 matproduksjon for framtidige innbyggjarar, artsmangfald og den visuelle opplevinga av ope  
73 landskap.

74 Jordbruk og jordvern

- 75 • Sikre jordvern for matproduksjon
- 76 • Tilrettelegge område for dyrking av eigen mat
- 77 • Kolonihage / Urbant jordbruk
- 78 • Aktiv oppfølging av driveplikt i jordbruket. Gjennomføre kartlegging av jordbruksareal og  
79 informere eigrarar om driveplikta.
- 80 • Sette jordflytting som føresetnad i reguleringsplanar der større jordbruksareal vert  
81 omdisponert.

82

83 Ta vare på det biologiske mangfaldet ved ei kommunal kartlegging av dyreartar: Betre kartlegging av  
84 dyreartar og naturtypar i kommunen, også under vatn, er viktig for å unngå at naturmangfald blir  
85 øydelagt når kommunen opnar opp for bygging i nye områder.

86 Strandsoneutfordringane i den nye kommunen vil vere ulike. Særleg attraktive strand- og kystområde  
87 må bevarast gjennom ein langsiktig strandsonepolitikk som varetek allemannsretten og sikrar  
88 naturverdiane.

89 Vi vil arbeide for å betre tilgangen til gode friluftsopplevelingar gjennom tilrettelegging av turområde,  
90 turstigar og sikring av tilgang til strandsona.

91 Styrke folkehelsearbeidet ved gjennomføring av friluftslivstiltak.

92 Sikre at kommunen alltid bygg i tråd med prinsippa for grøn by- og stadutvikling.

93 **Vern av det maritime økosystemet.**

94 Mørekysten med bankane utanfor er eit av verdas mest produktive havområde for reproduksjon av  
95 viktige fiskeartar som torsk, sei, sild og hyse.

96 Hovedgrunnen for dette er Golfstraumen – ei av verdast største undersjøiske elvar. Denne elva fører  
97 med seg varme og næringsstoffer over Atlanterhavet heilt frå det karibiske hav. Heile norskekysten  
98 frå Stad og nordover til Svalbard og Barentshavet nyt godt av denne livgivande havstraumen.

99 Med uro ser vi at dette økosystemet i dag er sett under sterkt press av dei klimaendringane vi  
100 registerer på verdsbasis og i vårt nærområde.

101 Ålesund Venstre plikter seg til å verne om dette maritime økosystemet ved å vere aktiv mot  
102 prøveboring på Mørekysten og i liknande områder som Lofoten og Senja. Like så stille strenge krav til  
103 næringsaktivitet for å verne om korallar og miljøet i gyeområda.

104 Ålesund Venstre vil også vere synleg i kampen mot forureining som havstraumen fraktar med seg frå  
105 internasjonal forsøpling i tillegg til eiga forsøpling.

106 FN sitt berekraftmål 14 , Liv under vatn: "Bevare og bruke hav og marine ressursar på ein måte  
107 som fremjar berekraftig utvikling"

110 Det er verdshava – deira temperatur, kjemi, straumar og liv – som driv dei globale systema som gjer  
111 det muleg for menneske å leve på jorda. Regn, drikkevatn, veret, klimaet, mykje av maten vår og til  
112 og med lufta vi pustar inn er til sjuande og sist regulert av havet.

113 Marine næringar er viktige for å dekke aukande etterspørsel etter mat, energi og medisin i framtida.  
114 Slik byr havet også på muligheter for nye arbeidsplassar og økonomisk vekst.

115 Vi treng å være med på å tryggje mangfaldet vårt innan bevaring av både kulturlandskapet og dyre-  
116 og fuglelivet. Den nye, store kommune har eit stort mangfald og inneheld både kyst- og delvis  
117 innlandsklima. Vi skal vere ei sterk stemme inn mot å ta vare på og drifta vår natur og samarbeide  
118 med naturvernalar, friluftsråd og andre ideelle organisasjonar som viser initiativ inn mot godt vern av  
119 naturresursane våre. Vi vil arbeide for å leggje til rette at desse blir synlege i arbeidet sitt.

120

121 **1.2 Utdanning og**

122 FN –berekraftmål 4:

- 124 • unge og vaksne med kompetanse, blant anna i tekniske fag og yrkesfag, som er relevant for  
125 sysselsetting, anstendig arbeid og entreprenørskap.

- 126     • avskaffe kjønnsforskjellar i utdanning og opplæring og sikre lik tilgang til alle nivå innanfor  
127        utdanning og yrkesfagleg opplæring for sårbare personar, deriblant personar med nedsett  
128        funksjonsevne, urfolk og barn i utsette situasjonar.

129

130 Barnehage

131 Barnehagen er staden små barn brukar mest tid utanfor familien. Barnehagen skal vere med på å gi  
132 ein god start på livet, både som sjølvstendige individ og i samver og samspel med andre. Ein god  
133 barnehagedag vert leia av dyktige vaksne som inspirerer når dei kan, gir rom for leik når dei bør og  
134 trøystar når det trengs. Venstre vil ha fleire dyktige fagfolk i barnehagene for å skape en god oppvekst  
135 for fleire.

136 Venstre vil at kommunen ved opptak til barnehage skal prioritere at borna får plass i den barnehagen  
137 som ligg nærmast der dei bur. Med kortast mogleg avstand til barnehage, vil fleire foreldre få høve til å  
138 reise meir miljøvenleg.

139 For mange familiar er det eit stort problem at retten til barnehageplass er knytt til kva dato barnet er  
140 fødd. Venstre ønskjer ei ordning med automatisk rett til barnehageplass frå den månaden barnet  
141 fyller eitt år.

- 142     • innføre fleire stillingskategoriar i barnehagane, for eksempel barnehagelektor, for å styrke  
143        både rekruttering og den forskningsbaserte barnehageverksemda
- 144     • Fleire/fleksibelt opptak i barnehagane.
- 145     • Innføre moderasjonsordning for låginntektsfamiliar for plass på barnehage og SFO.

146

147 Alle elevar har rett til eit læringsmiljø med vekt på god helse, trivsel og læring. Skulen har ansvar for  
148 at du opplever at du ikkje blir krenka av medelever eller lærer, at du får yte ditt beste i undervisinga  
149 og at du føler deg trygg når du er på skuleområdet. Om ikkje desse krava vert oppfylt, kan  
150 konsekvensane vere svekka meistringskjensle og motivasjon. Difor er det viktig for Venstre at vi tek  
151 vare på elevane i skulen gjennom god skulehelseteneste, dyktige lærarar og eit system som ser kvar  
152 enkelt elev. Det er mangfold i skulen og vi treng ein fleksibel skule for best mogleg å ta oss av alle  
153 elevane, også dei som slit med å finne seg til rette i skulen.

154 Vi trur også at lærarar underviser best når dei har rom til å bruke sin kompetanse og sitt engasjement  
155 på sin måte. Nyutdanna lærarar skal få vegleiing av sine kollegaer når dei treng det. Gode  
156 rammefaktorar kombinert med god og trygg klasseleiing er framleis det beste middelet vi har for å  
157 skape eit godt psykososialt klassemiljø, og for å motvirke mobbing.

158

- 159     • Tidleg innsats – barnehage og skule - fremme kunnskap og gi rom for innsats
- 160     • Redusere byråkratiet i skulen.
- 161     • Utvikle skulehelsetenesta : helsesøstre, psykiatrisk sjukepleiar og skulepsykolog
- 162     • Legge til rette for at alle born lærer å svømme.
- 163     • Betre rådgjearteneste i skulen
- 164     • Vidareføre Ungt entreprenørskap
- 165     • tilrettelegge betre for leik og sjølvstyrt aktivitet i skulen og satse på vedlikehald og opprusting  
166        av leikeareal ute og inne
- 167     • ha styrka innsats for dei elevane som treng ekstra starthjelp og/eller forsterka skule,
- 168     • tidleg innsats for barn med behov for ekstra hjelp gjennom å styrke samarbeidet mellom dei

## 169 som arbeider med barn og unge

- tilby ekstra år i grunnskoleutdanninga
  - ha meir kollegavegleiing, spesielt av nyutdanna lærarar, som eit tiltak for å styrke lærarane som gode og trygge klasseleiarar
  - gi skuler fleire høve til å søkje kommunen om å bli forsøksskular for alternative måtar å drive på – td med varm skulemat, barnehagepedagogikk i småskulen, ekstra satsing på praktiske eller kreative arbeidsmåtar, seinare start på skuledagen, eller tidligare undervising i andre framandspråk
  - Digitalisering er eit viktig verkty som må utnyttast til å skape effektiv og kvalitativ god undervising

179

SFO

181 Venstre meiner skuledagen er lang nok som den er. Skulefritidsordninga (SFO) skal ikkje vere ei  
182 utviding av den obligatoriske skuledagen, men eit frivillig supplement til skulen på linje med andre  
183 fritidsaktivitetar. Alle barn bør få høve til å delta på SFO, og Venstre vil difor at SFO skal vere gratis for  
184 lavinntektsfamilier. SFO-tilbodet i Ålesund skal kjenneteiknast av høg kvalitet på tilbodet og  
185 kompetente medarbeidarar, med god samhandling mellom skule og SFO.  
186 SFO skal ha aktivitetar og eit innhald som er tilpassa barna ut frå alder, interesse og føresetnader.  
187 Venstre vil vidareutvikle dagens skulefritidsordning og tilby et brent tilbod av aktivitetar innan kunst-  
188 og kultur, fysisk aktivitet og måltid.

- at SFO skal ha høg kvalitet, men framleis vere ein stad for sjølvstyrt og sjølvveld leik og anna aktivitet
  - at SFO skal inkludere aktivitetar innanfor ernæring, fysisk aktivitet, kunst og kultur
  - arbeide for å heve kvaliteten gjennom å auke kompetansen i SFO
  - at SFO skal være gratis for lavinntektsfamilier

196

## 197 Barnehagar, Skulestruktur og -bygg

198 Barnehagar og skular skal driftast nærist der folk bur. Dette er eit viktig prinsipp for Venstre i  
199 arbeidet med ny kommune. For at alle skal ha gode læringsarenaer vil det vere naudsynt å sjå på den  
200 samla bygningsmassen i den nye kommunen. Det vil vere naudsynt med investeringar i neste  
201 periode. Bygd på behov og med omsyn til nye samferdselsløysingar skal vi våge å prioritere.

- Vurdere status på eksisterande skulebygg med omsyn til behov for renovering og nybygg.
  - Prioritering skier basert på bygg- og skulefaglege vurderinger.

204 Utdanning

205 Skulen må følge samfunnsutviklinga, og lære elevane å jobbe digitalt, vere kritiske og tenke kreativt.

Alle skal ha høve til å finne og utvikle sitt talent, uavhengig av kva det er. Difor er det viktig at også den yrkesfaglege utdanninga held høg kvalitet og har same status som andre utdanningar. Det skal ikkje ha noko å seie om du blir mester eller tar master. Utdanninga skal vere like god uansett.

209 Venstre vil ha fokus på tidleg tiltak for å hindre fråfall i skulen.

210 Ålesund som ei leiande industrikommune treng at fleire folk vel yrkesfagleg utdanning. Då er det til  
211 lite hjelp at yrkesfaglinjene har blitt dumpingplassar for skulelei ungdom. Venstre vil at det er  
212 interessene til eleven som skal avgjere kva linje ein vel, og vil at rådgjeverane skal vektlegge lidenskap  
213 meir enn teoretisk dyktigheit i skulen.

214 Venstre vil:

- 215 • Vidareføre Ålesund kommune sin studentmelding og styrke rolla som universitet- og  
216 studentkommune. ([https://www.campusalesund.no/aktuelt/alesund-skal-bli-en-bedre-](https://www.campusalesund.no/aktuelt/alesund-skal-bli-en-bedre-universitetsby/)  
217 [universitetsby/](https://www.campusalesund.no/aktuelt/alesund-skal-bli-en-bedre-universitetsby/))
- 218 • Tilby vidareutdanning for lærarar og barnehagelærarar.  
219 • Utnytte/samarbeide med fagmiljø og akademia  
220 • både tilby lærlingplassar og ha i kommunale anbodsdokument at vi etterspør bedrifter som  
221 faktisk er lærebedrifter og har lærlingar.  
222 • tilbod til studentane – der er det kommunen som kan løyse – gode samarbeidsordningar med  
223 miljøet  
224 • Nært samarbeid mellom næringsliv og ungdomsskular/vidaregåande skule /akademia.  
225 Fokus på yrkesskular og fagskular. Yrkesutdanning og fagbrev.  
226 • Kontinuerleg / livslang læring - kven skal betale for kompetanseheving

227

228

229 **1.3 Næringsliv** (eksisterende, indre strøk, lokale klynger/områder)

230

231 For Venstre er det viktig å bidra til nyskaping og nye bedrifter i næringslivet. Kommunen bør  
232 ha ein aktiv næringspolitikk og støtte opp under nye og gamle næringsklynger i regionen, samt styrke  
233 tilbodet til nye bedrifter og gründere.

234

235 Som den leiande motoren for næringslivet på Nord- Vestlandet har Ålesund og  
236 politikarane her også eit særskilt ansvar for å jobbe med regjering og Storting for å sikre gode vilkår  
237 for næringslivet i vest, samt å legge til rette for at flest mogleg av dei som satser på eigen næring skal  
238 lykkes.([Her kan vi putte inn statistikk om stoda- frå SSB](#))

239

240 **En marin og maritim næringskommune**

241 Sjømat og skipsfart er viktige næringar med mykje verdiskaping og mange arbeidsplassar.  
242 Kommunen må bidra til at marine og maritime nærlinger får tilgang på nok kompetent  
243 arbeidskraft. Politikerne har ei viktig rolle i å tilrettelegge og synliggjere næringane i  
244 samarbeid med andre offentlige aktører og med næringslivet sjølv.

245

246 Atlanterhavsparken som nasjonalt akvarium og vitensenter. Ekte opplevingar i ekte omgjevnader, i eit  
247 av Europas mest unike akvarier. Naturen utanfor er tatt ufiltrert direkte inn i akvaret både når det  
248 gjeld fisk og fauna. Utandørs-bassenget for sel, med undervassobservatorium ga ein heilt ny måte å  
249 vise fram dyr på, integrert i den ekte nature, er eit utstillingsvindu for livet i havet langs norskekyste.  
250 Ålesund Venstre vil støtte arbeidet for å få på plass nasjonal status og etablering av eit vitensenter.

251

252 Den marine klyngen på Sunnmøre er blant landets fremste på utvikling av marin teknologi- og  
253 næring. Mer enn ? bedrifter og ? tilsette arbeidarar på Sunnmøre/Ålesund med å utvikle  
254 morgondagens kompetansebehov, løyse klima- og miljøutfordringar og skape ny teknologi for å

255 utnytte dei marine ressursane betre. Her skjer det eit unikt samspel mellom forskarar, studentar,  
256 gründarar og næringsliv. Styrking av den marine klynga er avgjерende for at Ålesund og Sunnmøre  
257 skal vere spydspiss i marin utvikling i verda.

258

### 259 **Samspel i utviklinga av havlandet.**

260 Ved å bla tilbake på historia vår kan vi sjå og fylgje det nære samarbeidet og dei samhandlingane som  
261 har vore i utviklinga av den maritime industriklynga på Mørekysten. No har vi kome inn i ei ny tid  
262 med omstilling og teknologiutvikling. Norsk Maritim Kompetansesenter og NTNU i Ålesund vil vere  
263 sentrale aktørar i den vidare utviklinga av det maritime kløsteret.  
264 Ålesund Venstre vil støtte oppunder dei høgteknologiske maritime miljøa for bærekraftig utvikling.  
265 Midt i dette havlandet ligg Nordøyane med skjergarden utanfor. For å oppnå ei effektiv, rasjonell og  
266 bærekraftig utvikling av havlandet er kommunikasjon og samferdsle i nye Ålesund ein avgjerande  
267 faktorar. Ålesund Venstre støttar utbygginga av Nordøyvegen.

268

269

270 Energi

271 FN berekraftmål 7 "Sikre tilgang til pålitelig, bærekraftig og moderne energi til en overkommelig pris  
272 for alle"

273 Tilgang til energi står i sentrum av så nær som alle utfordringer og muligheter vi møter i dag. Det kan  
274 dreie seg om arbeid, tryggleik, klimaendringar, matproduksjon eller muligheter for auka inntekt.

275 Energi er den største bidragsytaren til klimaendringar, gjennom utslipp av CO<sub>2</sub> og andre  
276 klimagassar. Løysinga er fornybar energi som vasskraft, vindkraft og solkraft. Fornybar energi er  
277 berekraftig.

278

### 279 **Mørekysten har enorme mogleheter.**

280 Havområdet eller havlandet rundt oss utgjer om lag 50% av arealet til nye Ålesund, og om lag 15% av  
281 kystlinja i Møre og Romsdal. Dermed kviler det eit stort ansvar til nye Ålesund i forvaltninga av  
282 havlandet.

283 Moglegheitene til nye Ålesund er, på ein berekraftig måte, å vere aktiv på utviklinga av havområdet  
284 på fiskeri og foredling, oppdrett av laks, aure og andre fiskeartar.

285 Ålesund Venstre ønsker også å vere i førarsetet med å legge tilhøva til rette for den nye store  
286 vekstnæringa som ligg i dyrking av tang og tare.

287 Geografisk har nye Ålesund eit stort potensiale i utviklinga av ny fornybar energi ved å nyttiggjere seg  
288 vindresursane på kysten. Ålesund Venstre vil vere ein pådrivar i denne utviklinga.

289 Ålesund Venstre ser også eit stort potensiale for utvikling av turisme i og omkring havlandet. Her vil  
290 Ålesund Venstre vere positiv til tilrettelegging av fritidsfiske og rekreasjon, men vil stille krav til den  
291 miljømessige utviklinga av turismen.

292

293

### 294 **Ein attraktiv kommune for bedrifter og arbeidstakarar**

295 Det er stor konkurranse mellom byar og regionar om å trekke til seg verksemder og kompetent  
296 arbeidskraft. Ålesund skal vere ein attraktiv kommune å vere i, både for  
297 eksisterande og nye bedrifter - og ein ettertraktet kommune for menneske å slå seg ned i.

298 Viktige tiltak er auka tilgang på næringsarealer med smidig og effektiv sakshandsaming i  
299 reguleringssaker. Boligbygging, god kommunikasjon, gode kulturtilbod og eit høgt nivå på barnehagar  
300 og skular er også viktig for å gjøre kommunen attraktiv.

301

302 Ålesund Venstre meiner det er viktig å legge til rette for å skape sin eigen arbeidsplass, og å skape

303 arbeidsplassar for fleire. Vi treng også eit næringsliv som er raust og inkluderande. Kommunen må  
304 samarbeide tett med næringslivet om korleis vi skal lukkast. Vi må ta med lærdomen frå  
305 Haramsmodellen – Haram Nærings- og innovasjonsforum og bygge vidare på desse erfaringane. I  
306 tillegg har vi tru på etablering av «inkubasjonsmiljø» der ulike krefter møtest med formål læring  
307 gjennom prototyping og testing, eksperimentering og mekking etter modell frå Bergen og  
308 Marineholmen Makerspace.

309  
310 Det kan vere trangt om plassen for næringsdrivande i enkelte delar av kommunen. Samtidig finns det  
311 framleis stader der både areal, bygg og andre eigedomar som står tome, som kunne vore brukt til å  
312 skape nye prosjekt og næringar. Dette kan være område som ligg brakk i påvente av utbyggingar eller  
313 branntomter. Det kan også vere lokaler som står tome fordi dei i dag er vanskeleg lønnsome for  
314 kontinuerlig drift - men som kanskje kunne vore flotte i bruk som pop-up-lokale for mange næringar.  
315 Venstre ønsker å tilrettelegge for at vi skal ta i bruk også dei areala som i dag står tome på best  
316 mogleg måte.

- 317
- 318 • opne for midlertidig omdisponering av eigedom til næringsformål
  - 319 • skape aktivitet i tomme sentrumslokaler og områder
  - 320 • opne tomme kommunale bygg til gründeretablering og samlingslokaler for samhandling
  - 321 • halde fram med å styrke den marine klyngen i Ålesund/på Sunnmøre
  - 322 • oppretthalde og auke støtte til etablerertenester og nyskapingsparkar i kommunen
  - 323 • bidra til arrangement og plassar for næringsliv og gründere å møtast
  - 324 • tilrettelegge for at fleire næringar kan etablere klynger i Ålesund
  - 325 • Maskinverksted / prototype forsøkslab til en lav kost.
  - 326 • Tilgjengelig areal for utviding og nyetablering.
  - 327 • Utarbeide næringsstrategi for kommunen, og på sikt tilsette næringssjef.
  - 328 • Legge til rette for næringsutvikling i heile regionen, ved å utnytte dei ulike områda sin  
329 styrke.
  - 330 • Bruke mulighetene den teknologiske utviklinga gir industrien til å omstille seg til meir  
331 berekraftig ressursutnytting.
  - 332 • Opprette næringsfond for gründarar og bedrifter.
  - 333 • ha i kommunale anbodsdokument at vi etterspør bedrifter som faktisk sysselset personar  
334 som treng tilrettelagt arbeid

335  
336 **Destinasjonen Ålesund**  
337 Hotell, restaurant- og reiselivsnæring er blant dei viktigaste næringane i Ålesund. Venstre vil bidra til å  
338 vidareutvikle Ålesund som ein av Norges viktigaste reiselivsdestinasjonar, med eit større fokus på  
339 reiseliv basert på kultur, mat, drikke og opplevingar i tillegg til den meir tradisjonelle marknadsføringa  
340 av naturen. Venstre ønskjer å støtte og vidareutvikle denne næringa i samarbeid med bedriftene på  
341 ein måte som er berekraftig, og å utvikle Ålesund som turistdestinasjon.

342  
343 Reiseliv er likevel mykje meir enn turisme. Konferanseverksemdu og næringsretta transport  
344 utgjer store delar av besökande til Ålesundsregionen. Det ligg eit stort potensial i tematisert  
345 reiseliv, med natur- og kultur som pilarar. Ålesundsregionen må profilere seg på grønt,  
346 berekraftig reiseliv og opplevingar.

347  
348 **Cruiseturisme**  
349 Cruisenæringa tilfører viktig inntekt og god merksemdu til Ålesund. Samtidig bidreg næringa i dag til  
350 både lokal og global forureining. Dette er utfordringar som kommunen må imøtekjemme i samarbeid  
351 med næringa. **\*Stille krav til omstilling i næringa» - Ålesund på vere pådrivar for å få etablert  
352 landstraum på aktuelle kaier.**

353

**354 Venstre vil:**

- sikre jamnare fordeling med omsyn til anløp av cruiseskip enn i dag
- stille krav til kloakkhandtering hos cruiseskipa, slik at denne kloakken ikkje vert dumpa i fjordane våre
- stille krav til drivstofftyper hos cruiseskipa som har anløp i Ålesund
- sørge for tilgjengeleg landsstraum til alle cruiseanløp
- kreve at cruiseskip til kai i Ålesund skal gå på landstraum eller en annan miljøvenleg kraftkjelde (som f.eks. hydrogen)

362

**363 1.4 Samferdsle / kommunikasjon**

364 Ålesund Venstre ønskjer at vår by, vår region, skal vere med å bidra til at vi kan nå nasjonale og  
365 internasjonale mål knytt til å redusere utslepp av klimagassar.

366 Vi ønskjer at Ålesund skal vere ein levande og attraktiv by med mindre utslepp av klimagassar, betre  
367 luftkvalitet og mindre støy. Vi ønskjer oss eit styrka kollektivtilbod, at fleire vel å sykle eller gå, og vi  
368 ønskjer at vår by skal ha ein arealpolitikk som sikrar mindre transportbehov og kortare reiseavstand  
369 for folk som bur i regionen vår. Nasjonale mål og internasjonale avtalar om berekraftig byutvikling  
370 krev handling. Vi ønskjer difor at vår byregion skal inngå byvekstavtale med Staten. Vi treng slike  
371 avtalar for å nå nullvekstmålet for personbiltrafikk, for å finansiere tiltak for å auke andelen som  
372 reiser kollektivt, syklar og går.

373 Å inngå ein byvekstavtale tyder at lokalpolitikarane må sette i verk mange tiltak for å redusere  
374 biltrafikken, men også våge å seie høgt at vi må halde fram med spleislag der bompengar er  
375 avgjerande.

376 Biltrafikk står for ein stor del av den lokale og globale forureininga. Venstre ønskjer å stimulere til at  
377 bilparken blir meir miljøvenleg og legge til rette for fleire ladepunkt og lade-/hydrogenstasjoner.  
378 Særleg nyttetrafikken bør ha gode insentivordningar for å velje meir miljøvenlege bilar og  
379 transportformer.

380 Venstre ønskjer ein meir klimavenleg godstransport, der ein større del av godstrafikken går frå veg til  
381 tog og båt.

382 Venstre har tru på nye kollektivløysinger for framtida. Hurtigbåttilbod kan avlaste vegnettet og andre  
383 kollektivtilbod. Nullutslippspassasjerbåtar kan vere aktuelt nokre stadar, t d Ålesund - Langevåg.

**384 Vegprosjekt**

385 Venstre ønskjer primært ikkje fleire store vegprosjekter i kommunen. Forsking viser at auka  
386 vegkapasitet også fører til auka biltrafikk, og for å bygge nye prosjekt etter lovleg standard, krev desse  
387 etter kvart meir og meir plass. Dette går ut over både livskvaliteten og naturen mange stader.

388

389 Venstre ser at det kan vere behov for å styrke bu, service og arbeidsmarknader ved å knyte dei betre  
390 saman og at dette best kan løysast ved nye vegprosjekt. I planarbeidet må berekraft og  
391 klimaverknader vere vektlagt.

392

393 Likevel er det utfordringar knyttet særleg til at E39 går i Brusdalen, spesielt med tanke på  
394 drikkevasskjelda. Ny vegtrasé frå Digernes til Storfjorden, med forgreining vidare mot  
395 Blindheim/Vegsund vil kunne redusere trafikken forbi Brusdalsvatnet. I tillegg vil det opne for at

396 trafikken via FV 656 gjennom Glomsetbygda også kan reduserast, noko som vil gi høve til  
397 vidareutvikling av området frå Valle – Magerholm.

398

399 Realiseringa av Nordøyvegen vil også opne nye moglegheiter for næringslivet og samhandling i  
400 lokalsamfunna som vert knytt saman med vefsamband.

401

402 Med nye samband kjem nye reisemønster. Venstre ser det som viktig å oppretthalde ferjerute 32 som  
403 gjev ytre/nørste del av kommunen kommunikasjon mot Romsdal.

404

405 Drosjer er ein del av kollektivtilbodet, ikkje minst i landdiskriktet. Det er viktig at distrikta ikkje  
406 mister drosjene på grunn av urban skrivebordsplanlegging. Denne næringa treng regulering for å  
407 fungere i utkantane. Venstre ser på drosjene som ein viktig del av infrastrukturen for distriktet.

408 Venstre ser behovet for betre trafikkale løysingar i Ålesund sentrum og ønskjer at Brosundtunnelen  
409 skal byggast. Tunnelen er viktig både av miljøomsyn og for bevaring av Jugendbyen.

410 Venstre vil arbeide for:

- 411 • Bybane /skyttelbuss inn til sentrum
- 412 • Parkering ved knutepunkt – park and ride
- 413 • Trygge parkeringsareal og vegar rundt skulane/barnehagane – kiss and ride
- 414 • Trygg skuleveg for alle, td kryssing av fylkesveger i samband med skulane
- 415 • Sykkelvegar som bind kommunedelane saman.
- 416 • Kollektivtilbud som kan knyte kommunedelane effektivt saman. Ekspresstilbod frå  
417 kommunedelsentra til sentrum, via Moa. Ekspressbussar som skjelettet med tilførselsruter til  
418 lokale knutepunkt.
- 419 • Flybuss Ørskog - Vigra via Ellingsøy
- 420 • Kartlegge effekter av Hamnsundsambandet
- 421 • E39 utanom Sjøholt sentrum, og bygge krabbefelt opp Ørskogfjellet.
- 422 • Børdalslina
- 423 • Storfjordsambandet
- 424 • Gratis / redusert takst passasjerbåt Ålesund – Langevåg
- 425 • Dersom det vert bygd 4-feltsveg, må det etablerast kollektivtrafikk-fil
- 426 • Forsterka belysing overgangsfelt
- 427 • Rydde busker /tre ved kryss /overganger
- 428 • Auke bredda / ekstra felt inn mot rundkøyringar. Gjer det lettare å svinge til høgre.
- 429 • WIFI – gratis og ope
- 430 • Bygge ut infrastruktur for utsleppsfree og fornybar energi til alle skip, i alle hamner.
- 431 • Betre og billigare kollektivtilbod
- 432 • Innføre krav om sykkelparkering ved kollektivknutepunkt, sentrumsområde, skular og  
433 kommunale verksemder.

434

435

#### 436 **1.5 Attraktiv by og tettstadar**

437 Lokalsamfunn – Ved å gå i lag i ein ny kommune, er det viktig at vi fremjar eit nytt og sterkt fellesskap  
438 i heile den nye kommunen. Skilnadane mellom det urbanebymiljøet, ulike tettstadar og grender gir  
439 Ålesund kommune i styrke når vi skal utvikle eit attraktivt samfunn. Difor må vi bevarer mangfaldet

440 og identiteten til kvart enkelt lokalsamfunn. Vi treng at barn og unge får så gode oppvekstvilkår at dei  
441 seinare i livet velje å bu i dei lokalsamfunna dei kjenner og at dei kjenner seg heime i heile nye  
442 Ålesund kommune. Ålesund Venstre ønskjer å legge samfunnet til rette slik at unge skal oppleve at  
443 Ålesund kommune gir dei moglegheiter til å etablere eit liv med vekst, trivsel og kunnskap, og at dei  
444 ynskjer å vere ein del av dei lokalmiljøa vidare fordi vi klarer å skape gode vilkår for dei.

445 Fortettingspolitikken må definerast, både kvar vi ønskjer forteiing og korleis fortetting skal  
446 gjennomførast. Det er naturleg å fokusere på dei tettstadane og knutepunkta som er utpeika i  
447 intensjonsavtalen for nye Ålesund: Ålesund sentrum/Moa og tettstadane Skodje, Sjøholt, Brattvåg og  
448 Steinshamn skal utviklast som attraktive møteplassar for handel, kultur og service. Dei andre  
449 grendene i kommunen må ha høve til både fortetting og tilgang på større tomter for bustadar. Venstre  
450 meiner at vi må planlegge ut frå realistiske prognosar for folketalsvekst og ha faste politiske rammer  
451 som tek omsyn til bukvalitet, utfordringar og berekraftig utvikling.

452  
453 Utbyggjarar må kunne forhalde seg til klare politiske rammer og føringar. Difor er det viktig at  
454 kommunestyret tør å fremme tydelige krav til kvalitet, fortetting og berekraftige løysinger i  
455 overordna kommuneplanar, og konkrete reguleringsplanar. Kommunedelane skal balansere  
456 arbeidsplassar og bustader.

457  
458 Dette krev effektiv arealplanlegging som gir rom for lokal medveknad, og at nabolaga blir høyrt og  
459 sikra påverknad over prosjekta. Utbyggjarar må få incentiver til å bygge klokt og framtidsretta. Det  
460 krevst også tettare samarbeid med nabokommunar, og regionale og statlege myndigheter, for å sikre  
461 ei framtidsretta utvikling av transportløysingar, og berekraftig bustadbygging.

462  
463 Plan og bygningslova sikrar innbyggjar retten til å uttale og påverke reguleringsprosessar, for å sikre  
464 dette vil Venstre opne opp for dialogmøter mellom utbygger og repesentantar for gjeldande  
465 kommunedelar. Venstre ønskjer ein kritisk, konstruktiv og nytenkande debatt om by- og  
466 tettstadutvikling og arkitektur, og vil foreslå at det etablerast ein uavhengig innovasjonshub for  
467 arkitekturfeltet i Ålesund.

468

469 Venstre ønskjer ei eiga fagavdeling som skal ha ansvar for kulturminne og kulturlandskap. Ei viktig  
470 oppgåve vil vere å utarbeide kulturminneplan. Venstre ser at omsynet til Jugendbyen kan gjere det  
471 aktuelt å tilsetje byantikvar.

472 Venstre vil:

- 473     • Sikre verdifulle kulturminne og kulturlandskap. (Kulturminneplan for gamle Ålesund?)  
474     • Legge sterkare vekt på barneperspektivet i by- og arealplanlegging, blant anna ved å bruke  
475       barnetråkkregistrering.  
476     • Legge til rette for at turistane får eit godt opphold i kommunen vår, td bør det vere tilgang på  
477       offentlege toalett.  
478     • Kommundelutval er ein viktig partnar for å utvikle attraktivitet i alle delar av kommunen.

479

## 480 **Kultur**

481 Vi satsar på kulturlivet, der er frivilligheita ein berebjelke. Vi vil arbeide for at desse får best mogleg  
482 vilkår for å drive sitt arbeid framover. Ved å stimulere til gode samarbeidsformer og gode ressursar til  
483 desse gruppene, kan vi få eit nødvendig samfunnsengasjement blant våre innbyggjarar. Inkludering  
484 og samarbeid på tvers av interessegrupper, geografiske/kulturelle tilbod og idrettsleg mangfold, vil vi

- 485 kunne skape tryggje oppvekstforhold for barn og unge og tryggje sosiale forhold for alle  
486 aldersgrupper. Vi må sørge for at «limet» som kulturen skapar i dei forskjellege delane av  
487 kommunen også blir ein berebjelke for samfunnsutviklinga.
- 488 Venstre vil arbeide for at det skal vere livssynsnøytrale seremonirom i alle kommunedelane for at  
489 menneske som ikkje kan eller vil bruke kyrkjene har ein stad å halde til dømes gravferd. Slike verdige  
490 seremonirom kan brukast av alle.
- 491 For å skape attraktive og levande nærmiljø er det viktig å legge til rette for eit variert og balansert  
492 kulturtilbod i alle nabolag. Meinigsfulle aktivitetar gir god folkehelse.
- 493 Kulturpolitikken skal stimulere og motivere frie, skapande krefter – ikkje einsrette dei. Kultur skal  
494 bidra til demokrati og ytringsfridom. Kulturlivet, kunsten, media, organisasjonar og sivile fellesskap  
495 skal ikkje vere instrument for det offentlege. Dei skal utfordre, kritisere og utvikle samfunnet  
496 uavhengig av politiske mål. Eit mangfaldig og breidt kulturtilbod skaper dessutan større valgfridom for  
497 den enkelte og er med på å bidra til betre livskvalitet.
- 498 • ha fleksible kulturbrygg  
499 • at byråkratiet skal tilpasse seg kulturens behov, ikkje omvendt  
500 • ha rause og enkle støtteordningar  
501 • stimulere og hjelpe fram kultur-gründere som ein del av næringspolitikken
- 502
- 503 Kultursektoren er ein bidragsyter til vidare utvikling av Ålesundsregionen som ein sterk,  
504 konkurransedyktig region. Kultursektoren genererer arbeidsplassar og Venstre vil stimulere og støtte  
505 opp om lokale kulturelle hjørnestensbedrifter som også setter Ålesund og Sunnmøre på kartet som  
506 en attraktiv kulturregion for både profesjonelle og amatørar.
- 507
- 508 For barn og unge er kultur viktig, ikkje berre for utvikling av nye talent, men også som ein verdi i seg  
509 sjølv for god livskvalitet og positiv eigenutvikling. Kulturtilboda skal være tilgjengelige for alle og av  
510 høg kvalitet. Mange kulturtilbod for barn og unge er drivne av eldsjeler både i det frivillige  
511 organisasjonslivet og det private næringsliv. Desse gjer ein uvurderleg jobb i å skape både kvalitet og  
512 kulturinteresse i oppveksten. Venstre ønskjer å legge til rette for at desse tilbodene skal bestå og  
513 utvikle seg.
- 514
- 515 Idrett er sosial aktivitet, dugnad, konkurranse og folkehelse. Det er eit mål at fleire deltek i både  
516 organisert og uorganisert aktivitet. Alle som ønskjer å drive idrett og fysisk aktivitet i Ålesund må få  
517 høve til dette. Venstre vil å sikre gode forhold for breidddeidrett og legge til rette for at det skal vere  
518 enkelt for alle å delta på både organiserte og uorganiserte aktivitetar.
- 519
- 520 Kulturskulen er for mange unge inngangen til eit liv med kulturengasjement innan musikk,  
521 dans, teater og visuelle kunstfag. Venstre vil styrke kulturskulen slik at alle barn og unge som  
522 ønskjer det får plass, og til ein overkommeleg pris.
- 523
- 524 Aktive kulturhus med alternative driftsformer som kan gjere at lag og organisasjonar kan nyte desse  
525 gratis også til aktivitetar for dei over 18 år, gjennom td samarbeid med næringslivet som sponsorar.
- 526
- 527 • at alle barn og unge skal ha muligheten til å gå på kulturskulen  
528 • gi barn og unge høve til å skape eigne kulturtilbod ved å gi tilgang til gode øvingslokale og  
529 scener, og helst i nærleiken av der dei bur eller går på skule  
530 • Koordinator – oversikt og betre informasjon om ulike aktivitetstilbod for ungdom  
531 • sikre at private og frivillige kulturorganisasjonar mottek støtte på eit nivå som stimulerer til  
532 utvikling

- 533       • sikre lag og organisasjonar tilgong til gratis lokale  
534       • Kartlegge og utnytte «ledige» lokaler – til øving/treningsarena  
535       • Ålesund strykekvarsett
- 536  
537 Ålesund er eit gravitasjonssenter for regionen. Difor er det viktig at Ålesund representerer regionen  
538 på ein god måte, og samtidig tek vare på sin eigenart. Venstre ønskjer at Ålesund skal fremme  
539 språkleg mangfald, forståing og toleranse.
- 540  
541 **Venstre vil:**
- 542       • at Ålesund kommune aktivt skal fremme språkleg mangfald og toleranse  
543       • at dialekt bør ivaretakast i offentleg skilting og stadnamn
- 544 **Friluftsliv**
- 545 For Venstre er det viktig å sikre trivelege, grøne bumiljø og å tilrettelegge for eit sunt friluftsliv. FNs  
546 berekraftmål for 2030 slår også fast at vi har eit ansvar for å sikre allmenn tilgang til trygge,  
547 inkluderande og lett tilgjengelige grøntområde og offentlege rom, særleg for barn og eldre, samt  
548 personer med nedsett funksjonsevne.
- 549  
550 I Ålesund finns det mange grøne lunger, fjell, i tillegg til fjord, vatn og elver. Venstre ønskjer i størst  
551 mogleg grad å bevare desse, og arbeide for at dei vert tilgjengelege for alle.
- 552  
553 Parklivet er noko av det som gjer byen til ein attraktiv stad å bu. Miljøgater og turvegar rundt om i  
554 den vidstrakte kommunen har same kvalitetar for bygdene. Vi ønskjer å sikre fleire seteplassar, trygge  
555 grill- og leikeplassar i tilknyting til desse. Nye byggeprosjekt må ivareta behovet for grøne  
556 uteområder.
- 557  
558 Tilgang til vatn, elvar, badeplassar og sjøfronten må sikrast.
- 559  
560       • tilgang til sjø, vatn og fjell.  
561       • Tilrettelegging: parkering og toalett mm på utfartstader.  
562       • Slå eit slag for kortreist friluftsliv. Tilgjengeleg utstyr til utlån/utleige gjennom samarbeid  
563       med Friluftsrådet og ÅST.  
564       • Kommunale syklar til utlån
- 565  
566 **Bibliotek**
- 567 Biblioteka fremjar leselyst og kunnskapshunger, og fungerar som samlingspunkt for folk i alle aldrar.  
568 Venstre meiner at biblioteka må forsterke si satsing på internasjonalisering, både som multikulturell  
569 møteplass og gjennom innkjøp av bøker og digitale media.
- 570 Biblioteka er ein eigna lågterskel-møteplass, godt eigna til integrering, nettverksbygging tufta på  
571 gjensidig respekt og nyfikne for å lære av kvarandre. Ålesund bør prøve ut frivillig fadderordning «lån  
572 ein innfødd» til å hjelpe innflyttarar til å bli kjend, miljøskaping gjennom å invitere til temakveldar  
573 med mat og kultur frå ulike innbyggjargrupper.
- 574 Biblioteka som læringsarena er viktig for å utvikle leselyst, i samarbeid med skulane.

575 Biblioteka er også gode arenaer for kulturkafear og debattar.

576

577 **Venstre vil:**

578

579 • styrke løyvingane til biblioteka

580 • oppretthalde dei biblioteka vi har i dag

581 • styrke og utvikle biblioteka som formidlingsarena, uavhengig debattarena og  
582 integreringsarena.

583 • lage ei forsøksordning med aktive og meiropne bibliotek

584

585

## 586 **1.6 Velferd/ Helse og omsorg**

587 Ålesund skal ha desentraliserte kvardagstenester innan omsorg.

588 Eit godt helse- og sosialtilbod er ein viktig føresetnad for at kommunens innbyggjarar skal få eit godt  
589 liv. Den enkelte skal i størst mogleg grad få vere sjef i eige liv, også når du har behov for tenester.

590 Brukarmedverknad ein viktig nøkkel til korleis vi skal lukkast med å legge til rette for gode og målretta  
591 tenester. Kommune si viktigaste oppgåve er å skape tryggleik gjennom dei teneste som vi tilbyr.

592 Gjennom ulike hjelpetiltak skal innbyggjarane kjenne tryggleik og kvardagsmeistring. Både  
593 følgjetenster, vaktmestertenester og velferdsteknologi er viktige tiltak. Koordinerte og  
594 samanhangande tenester, der heile mennesket vert sett, skaper trygge rammer.

595 Helsefremjande innsats finn stad mange andre stader enn i helsetenesta. Frisk luft, aktivitet og  
596 deltaking er viktige helsefaktorar.

597

### 598 **Forebygging og primærhelsetenesten**

599 Forebygging er aktivitet som må skje frå vogge til grav. Mangel på fysisk aktivitet, trygge livsvilkår og  
600 deltaking kan redusere liv og helse. Ikkje minst er psykisk uhelse eit folkehelseproblem. Å sikre  
601 lavterskel helsehjelp og forebyggingsarbeid i ulike livsfasar og livssituasjonar er ei prioritert oppgave.  
602 Venstre ønskjer å legge til rette for at alle skal få vere aktive heile livet.

603

604 **Venstre vil:**

605

606 • ha fokus på forebygging

607 • styrke helsestasjonane som kompetansemiljøer

608 • sikre lavterskel psykisk helsehjelp for alle aldersgrupper, både barn, unge, vaksne og eldre.

609 • sikre ei god jordmorteneste som gir mor, far og barn ein god start. Også LHBTI-familier skal bli  
610 møtt på ein god måte.

611 • Styrke rehabiliteringstilbodet som inneber ei satsing på sjukepleie, fysio- og ergoterapi.

612 • Hjelpeapparatet må ha tilstrekkelege ressursar og god samhandling.

613 • Ha tilbod på alle nivå i omsorgstrappa

614 • Ta i bruk velferdsteknologi – som gir tryggleik og høve til kvardagsmeistring i eigen heim

### 615 **Psykisk helse**

616 God psykisk helse er ein av grunnsteinane for å leve eit godt liv. Innan inkluderingspolitikken er vi  
617 opptekne av både norskopplæring for å kunne delta i lokalsamfunnet, og av at krisesentra skal ha  
618 fleirkulturell kompetanse. Vi er opptekne av at rusavhengige skal få tilpassa tilbod i eldreomsorga, og

619 av å ha lavterskel psykologtilbod inn i helsestasjon for ungdom. Også politikk som omhandler leik,  
620 friluftsliv, kultur og idrett påvirker den psykiske helsa. Difor er det viktig at vi arbeider tverrfagleg  
621 mellom dei ulike avdelingane og faga for å skape betre samhandling om psykisk helse. Venstre vil  
622 styrke samarbeidet mellom dei ulike nivåa i behandlingsapparatet, og styrke innsatsen innan barne-  
623 og ungdomspsykiatrien.

624

625 **Venstre vil:**

- jobbe for mer tverrfaglig samarbeid om psykisk helse mellom dei ulike fagavdelingane
- bidra til meir «frisk liv»- arbeid, for eksempel rådgiving og treningstilbod for utsette grupper
- styrke innsatsen innan barne- og ungdomspsykiatri
- vurdere å opprette eit døgnope krisesenter for unge

630

631

632 **Brukstyrt personleg assistanse (BPA)**

633 Retten til å leve eit godt liv der du sjølv har høve til å påverke eigen kvardag er avgjerande for  
634 Venstre. Difor treng vi gode tenester for menneske med psykiske eller fysiske funksjonshemmingar, og  
635 brukstyrt personleg assistanse må styrkast.

636

637 **Venstre vil:**

638

- styrke ordninga med brukstyrt personleg assistanse (BPA)
- arbeide for å endre helsetenestelova slik at BPA i større grad kan bli ei brukstyrt  
teneste

642

643 **Fleire i jobb og reduksjon av barnefattigdom**

- Den beste måten å bekjempe barnefattigdom er gjennom å få flest mogleg av foreldra som  
kan, i arbeid og målretta tiltak som reduserer ulikskap mellom barna sin tilgang til aktivitetar.
- NAV kontora bør ha ressursar nok til å gi god individuell oppfølging av alle som treng hjelp til  
å finne arbeid, blant anna gjennom fleire tilpassa kvalifiseringsprogram. NAV sine tenester må  
også vere lett tilgjengelege og forståelege. Difor bør digitaliseringa av NAV fortsette og det  
bør tilretteleggast for at tilsette i NAV i større grad kan hjelpe folk der folk er, ikkje berre  
primært på eit kontor.

651

652 **Bustadslause, helsehjelp for papirlause og tiggjarar**

- Ålesund skal vere ein varm og inkluderande by og kommune. Alle menneske skal ha rett på eit  
forsvarleg bu- og helsetilbod uansett bakgrunn. Difor vil Venstre samarbeide med ma Kirkens  
Bymisjon og Frelsesarmeen om å tilby sanitær- og overnattingstilbod for bustadslause og  
tiggjarar i Ålesund. Kommunen skal også vere ein samarbeidspartnar med frivillige for å sørje  
for at papirlause innvandrarar har grunnleggjande og naudsynt helsehjelp, og å gi tilskot til  
dette formålet.

659

660 **Eldreomsorg**

661 Retten til å bestemme i eigen kvardag gjeld uavhengig av alder, og eldre som ønskjer og kan bu heime  
662 med tilpassing i bustaden skal ha høve til det.

663 Innan den heimebaserte omsorga er det nå i fleire byer under utprøving eit system der detaljerte  
664 enkeltvedtak blir erstatta med vedtak som blir fatta nærmare pasienten. Venstre er positiv til denne  
665 måten å tenke på, men det viktigaste er at tenesten har nok kapasitet. Alle må få naudsynt pleie og  
666 omsorg når dei treng det. Venstre er positiv til eit fleiraktørsystem der brukaren kan velge mellom  
667 fleire tilbydarar, både kommunale og private.

668

669

670 For dei som har behov for sjukeheim skal dei vere trygg på at dei får god hjelp og verdig omsorg.  
671 Sjukeheimar i Ålesund skal ha nok akuttplassar slik at menneske som treng sjukeheimslass slepp å  
672 stå i kø. Venstre er positiv til å prøve ut nye løysingar og vi meiner at framtidas sjukeheimsbehov bør  
673 løysast gjennom fleksible løysingar. I framtida vil det vere eit større mangfald av pasientar med ulike  
674 livssyn ved sjukeheimane.

675  
676 I dag vert det gjort for lite for å få tenestene til å spele på lag med dei pårørande, sjølv om alle ser det  
677 som ønskjeleg. Brukarmedverknad, der også dei pårørande vert tekne med, er viktig for å kunne få til  
678 god samhandling. Venstre meinat det her må leggast inn prosjektmidlar samt lagast ein eigen plan  
679 knytt til dette.

680

681 Venstre vil:

- 682 • Ha ernæringsfagleg kompetanse og opne kjøkken på institusjonane i kommunen
- 683 • at eldre som treng hjelp i kvarldagen kan bli buande heime
- 684 • tilby dagsenterplassar for eldre som bur heime, men som har stort omsorgsbehov
- 685 • sikre nok akuttpasser i eldremorsorga
- 686 • godt tilbod med menneske med demens og deira pårørande
- 687 • lage ein eigen pårørandeplan

688

689

### 690 **Rusomsorg**

691 Kvar enkelt rusavhengig må sjåast som det mennesket han eller ho er – og bli møtt med tiltak som  
692 passar for situasjonen vedkomande er i. Både rusfriheit og skadereduksjon er viktige mål.

693 Ålesund Venstre vil etablere eit brukarrom i Ålesund sentrum, her blir det også moglegheit for  
694 brukarar å få reint og trygt brukarutstyr.

695

- 696 • målretta innsats innan rus/psykiatri og barnevernet.
- 697 • Kommunen skal bruke midlane gjennom opptrappingsplanen for rusfeltet til rusomsorg.
- 698 • styrke lavterskel arbeidstiltak
- 699 • sikre et krisesentertilbud til mennesker i aktiv rus
- 700 • Kommunen skal gi ei fagleg forsvarleg reetablering i kommunen i etterkant av behandling,
- 701 også ved å tilby eigna bustad

702

### 703 **1.7 Miljø**

704 Bruk av fornybar energi kan gi store klima- og økonomigevinster lokalt. Norge har  
705 kome langt på området og kan bli ein leiande aktør på grønn energi ved hjelp av  
706 kommunale fornybarprosjekter. Det bør vere mest mogleg attraktivt å starte opp  
707 produksjon av fornybar energi - både på individnivå og for bedrifter.

708 Eit viktig tiltak for å redusere avfall og unødvendig produksjon er å ta vare på dei  
709 ressursane vi har og bruke dei på nytt. Mange kjøper ting for å bruke dei ein  
710 eller få gonger for og så kaste dei etter la dei stå i ei bod. Å innføre lokale tiltak  
711 for gjenbruk kostar lite pengar, men betyr mykje for klima og miljø.

712 Arealplanlegging er kanskje det viktigaste politikkområdet for den lokale klima- og  
713 miljøpolitikken. God arealplanlegging er eit kinderegg. Det kan bidra til å motverke auka

714 biltrafikk gjennom å sørge for at nye bustader blir bygd der det er eit god kollektivtilbod og gode  
715 sykkelvegar. Det kan legge til rette for fleire sykkelvegar, og dessutan er det viktig for å bevare  
716 naturmangfaldet i kommunen.

- 717 • Investeringar må skje innanfor omsynet til berekraft
- 718 • Krav til type motor på fartøy som trafikkerer kystsona vår.
- 719 • Tilrettelegging for vindkraft i kommunal og privat regi.
- 720 • Vurder å opprette gjenvinningsstasjonar i fleire kommunedelar
- 721 • Føre meir kollektivtransport innom lokaleknutepunkt
- 722 • Installering av solfangeranlegg for å varme opp varmtvann i offentlige bygg, eller for  
723 eksempel under asfaltdekke.
- 724 • Stille krav om fornybar energi ved nybygg.
- 725 • Ny kommuneplan for klima og energi i samsvar med 40 % målet for utsleppskutt i Paris-  
726 avtalen, kanskje saman med andre kommunar i regi av Sunnmøre Regionråd.
- 727 • Sørge for at alle nye kommunale køyretøy skal være låg- eller nullutsleppskøyretøy.
- 728 • Kollektive køyrety bør over på låg- eller nullutslepp
- 729 • Legge til rette for at det vert utbygd/ tilgjenge av hurtig- ladestasjonar i alle delar av  
730 kommunen
- 731 • Sørge for at miljøgifter ikkje slepp ut i naturen
- 732 • Sikre at gamle miljøgiftutslepp kartleggast og ryddast opp i.
- 733 • Gjennomføre årlege ryddeaksjonar på strender og i andre naturområde.
- 734 • Alle nye offentlege bygg skal være energinøytrale eller –positive.
- 735 • Jobbe for å fjerne svartelista arter som finns lokalt og for å ivareta raudlista arter.
- 736 • Reinse forureina elvar og kystområder.
- 737 • Sørge for at myrareal ikkje blir omgjort til anna arealbruk
- 738 • Bruke Bærum- standard med 80% av alle innkjøp med miljø som kriterium så  
739 lenge det ikkje er meir enn 10% dyrare enn alternativet.
- 740 • Innsamling av plast – strandrydding- heilårsdrift – samarbeid med ÅRIM og Friluftsrådet
- 741 • Forbud mot heliumballong
- 742 • Forbud mot levande dyr i sirkus
- 743 • Vurdere å måle luftforureining – Moa, bysentrum /Lerstad og andre område

## 744 1.8 Mangfold

745 Raust, tolerant, inkluderande samfunn.

746 Venstre ønskjer at alle menneske skal møtast på ein god måte i alle livsfasar og livssituasjonar.  
747 Venstre ønskjer å jobbe for meir kunnskapsinnhenting om temaet mangfold, med relevante tiltak  
748 som mål.

749 Menneske som er på flukt skal finne Ålesund som ei trygg havn. Ålesund bør busetje minst like mange  
750 flyktningar som vi blir anmoda om. Barn som er på flukt utan foreldra sine er særleg sårbar, og  
751 Ålesund kommune bør ta eit særskilt ansvar for einslege mindreårige asylsökjarar.  
752 At menneske blir dreve på flukt er ei internasjonal utfordring, men god integrering er eit lokalt ansvar.  
753 Dette er eit ansvar Ålesund både kan og vil ta. Det ligg enorme moglegheiter i at verda kjem tettare  
754 på oss. Eit meir mangfoldig Ålesund er eit betre Ålesund. Ålesund har alle føresetnader for å ope  
755 kunne diskutere og handtere utfordringar som kjem med eit interkulturelt bysamfunn.  
756 Innvandrarar er ein berikelse for det norske samfunnet. Dei fleste innvandrarar og deira barn er godt  
757 inkludert. Likevel står altfor mange innvandrarar utanfor viktige delar av fellesskapet og vert utsette

758 for diskriminering. Integrering er eit av Venstre sine satsingsområde – til gode for Ålesund sine  
759 borgarar, for næringslivet og for innvandrarane sjølv.  
760  
761 FNs berekraftmål ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng, og er universelle mål som  
762 representerer eit globalt vegkart for alle land. Tre viktige mål er å utrydde fattigdom, redusere  
763 ulikskap og gi alle høve til ei god utdanning. Måla er universelle og skal legge føringar for politikk,  
764 også lokalt.  
765  
766 Integrering er eit gjensidig ansvar og ein gjensidig prosess, som krev respekt og stiller krav til begge  
767 partar. Ålesund skal vere ein fleirkulturell liberal by/kommune. Vi skal ikkje akseptere intoleranse,  
768 undertrykking eller manglande respekt for lova. Samfunnet må stille krav om at dei som ønsker å  
769 busette seg i Norge gjer sitt beste for å tilegne seg gode norskunnskapar.  
770  
771 Tilknyting til arbeidslivet og god språkopplæring er dei viktigaste enkeltfaktorane for god inkludering.  
772 Introduksjonsprogrammet for nyankomne flyktningar må settast i stand til å auke andelen deltakarar  
773 som er i arbeid eller utdanning, inkludert grunnskule etter programslutt. Mange innvandrarar skaper  
774 sine eigne arbeidsplassar. Venstre vil stimulere til at innvandrarar kan starte opp eigne  
775 firma/nyetableringar gjennom Innovasjon Norge.

776

### 777 **Bidra til integreringsdugnaden**

778 Regjeringa har peika på tre grupper som har spesielle utfordringar med å kome inn i arbeidslivet:  
779 Menneske med nedsett funksjonsevne, ungdom utan fullført utdanning og enkelte  
780 innvandrargrupper.

781 Det trengs eit mangfold av løysningar og modellar for å lykkast med å løfte desse gruppene inn i  
782 arbeidslivet. Dei må utviklast lokalt ut frå lokale forhold. Ålesund kommune skal spele ei avgjerande  
783 rolle i å nå målet om å få fleire i arbeid.

- 784 • For å sikre best mogleg integrering må kommunal busetting av flyktningar skje i alle deler av  
785 kommunen.
- 786 • Sørge for at både kommunen sin eigen BPA-ordning og alle BPA-konsesjonar er i tråd med  
787 intensjonen i lova, inkludert moglegheita til å reise ut av kommunen.
- 788 • Sikre at nærskulen er eit reelt alternativ for alle barn. Individuelt tilpassa opplæring skal skje i  
789 klassemiljøet.
- 790 • Gi tilbod om kombinasjonsklasser for å hindre fråfall av fleirspråklege elevar. I  
791 kombinasjonsklasser får elevane meir grunnskuleopplæring, samtidig som dei førebuast på  
792 kva som forventast i den vidaregåande skulen.
- 793 • Venstre vil samarbeide med partane i arbeidslivet om mangfaldsarbeid, tilgang til  
794 praksisplassar og rekruttering av innvandrarar. Kommunen skal gå føre med eit godt eksempel.  
795

796

### 797 **1.9 Demokrati, openheit og økonomisk styring**

798 Demokrati og fridom kan aldri takast som ei sjølvfølgje, men må kjempast for på nytt og på nytt.  
799 Dette er folket og politikarane sitt ansvar. Samfunnsinstitusjonar må garantere for rettferdigheit og  
800 retssikkerheit. Dei skal motvirke maktmisbruk, overgrep og undertrykking – alle stader og på alle  
801 nivå.

802 **Lokaldemokrati**  
803 Venstre meiner at alle avgjerder bør takast på eit nivå nærmest mogleg dei det gjeld. Dei  
804 fleste saksfelt i Ålesund bør sjåast heilskapleg på av kommunestyret. Det gjeld ikkje minst  
805 kommunens økonomi og overordna planar. Enkelte andre avgjerder bør derimot kunne delegerast til  
806 kommunedelutval . Venstre ser det som viktig å finne ei eigna form for samhandling som kan bidra til  
807 auka lokal demokratisk deltaking. Det vert ei vesentleg oppgåve å sørge for at kommunedelutvala  
808 opplever å ha reell medverknad og fullmakter som gjer dei til meir enn sandpåstrøgingsorgan.  
809

810 **Venstre vil:**

- 811
- at Ålesund skal vere ei forsøkskommune for røysterett for 16 åringer
  - ha eit særlig fokus på informasjonsaktivitet og tilrettelegging for bruk av røysterett for særleg  
814 sårbare grupper
  - Skape eit demokrati som alle synest det er verdt å delta i.
  - Sikre rettstryggleik og verdighet i alle tenestene.
  - Sikre open og gjennomsiktig sakshandsaming med høg etisk standard.
  - Utvikle ordningar for å styrke deltaking ved val og medverknad mellom val.

819

820 **Kommunen som arbeidsgjevar og kunde**

821 Ålesund er ein stor innkjøpar av varer og tenester i regionen. Difor er det viktig at kommunen rettar  
822 innkjøpa sine på ein måte som er berekraftig, miljøvenleg og som stimulerer og utviklar lokalt  
823 næringsliv. Ved å ta aktive val både i småinnkjøp, og ved å stille krav i anbodsrundane kan Ålesund  
824 bidra positivt berre ved å gjere dei innkjøpa kommunen allereie gjer.

825

826 Også som arbeidsgjevar kan kommunen gjere ein forskjel. Ved i størst mogleg grad å tilby fleksitid og  
827 liknande ordningar til sinetilsette, kan kommunen bidra til å minimere køkøyring og rush. Som ein  
828 stor arbeidsgjevar må kommunen også prioritere å tilsette lærlingar og vere open for kvalifiserte  
829 arbeidssøkjarar som av ulike grunnar har falle ut av arbeidslivet.

830

831 **Venstre vil:**

832

- vekte lokal tilhørsle for bedrifter tyngre i kommunale anbodsrundar
- gjere ei større vekt av at anbodsgjevar driv berekraftig og miljøvenleg i kommunale  
835 anbodsrundar
- ha ein tilsettingspolitikk som både gir plass for nye krefter og idear, og tek vare på erfaring
- vurdere å innføre anonyme jobbsøknader for kommunale stillingar, for å sikre like  
838 moglegheter for alle
- i størst mogleg grad innføre fleksitidsordningar for kommunalt tilsette

840

841 **Trygg økonomistyring**

842 Ein sunn kommuneøkonomi er avgjerende for at kommunen kan utføre dei tenestene  
843 innbyggjarane er avhengige av, og for å kunne satse på tiltak som gjer byen/kommunen grønare og  
844 attraktiv.

845 Ålesund er ein stor kommune som på mange vis er ganske robust. Det er samtidig grunn til å peike på  
846 at vi er sårbare for svingingar i oljeindustri, "hjerneflukt" og at vi også må vere utsatt for utfordringer  
847 knyttet til demografi.

848

849 **Openheit**

850 Openheit i forvaltninga og i politiske prosessar er avgjerende for tilliten mellom innbyggjarane og  
851 deira valde politikarar. Det bør difor opprettast eit eige lobbyregister for møter med formål å påvirke  
852 politikarar i ei sak. Alle gåver som tilsette og politikarar i Ålesund kommune tek imot, med ein verdi  
853 over 500 kr skal dokumenterast, og takkast nei til dersom verdien overstig kr 2000.

854

855 I politiske saker er det viktig at eventuelle forskjel mellom faglege og politiske standpunkt blir  
856 tydeleggjort. Difor vil Venstre offentliggjere fagnotater frå etatane det øyeblikket det vert oversendt  
857 politiske organ.

858

859 Streaming av kommunestyremøte er viktig for at alle kan følgje med på debattar og avgjersler som  
860 vert tekne av kommunen sitt øvste organ. Dette bør halde fram, men også utvidast til å gjelde  
861 komitemøter i forkant der mange av debattane vert tekne. Alle møter som er tilgjengelege via stream  
862 skal også døvetolkast.

863

864 **Venstre vil:**

865

- opprette eit eige lobbyregister
- at fagnotat blir offentleg når det skal oversendast politiske organ
- streme kommunestyremøta, og utvide dette til komitemøter i forkant.

866

870

871

872

873

---